



LEIAR

Kort pine

KONFLIKTEN MELLOM SANDVY KOMMUNE og arbeidstakar Nils Magne Abelseth er ute av verda. Laurdag vart tilsettinga til den tidlegare rektoren og einingsleiaren endeleg formelt avslutta etter ei avtale i Romsdal tingrett.

Med seg fekk han 900 000 kr som kompensasjon, pluss 60 000 kr i tort og svie, og inntil 90 000 kr til å dekke advokatutgiftene han eller forbundet hans har hatt.

KOMMUNEN HEVDA Å HA NOVELEG GRUNN for å ta tittel og oppgaver frå Abelseth i samband med omorganiseringa i fjor sommar. Så korleis kunne det ende

Har kommunen tråkka feil, og brote arbeidsmiljølova og dei avtalerettslige prinsippa?

”

MEN DEN EINASTE DOMMAREN som har vore involvert i saka meiner at Abelseth har sannsynleggjort at han har krav på å stå i stillinga. Tingrettsdommar Oddne Hansen oppmoda partane til å mekle før dei starta opp ei eventuell rettsak. Noko som førte til avtala.

Sjølv om rådmann Ann-Heidi Paulsen Orvik og sakføraren frå KS-advokatane aldri vil seie dette offentleg, har dei nok ant at saka kan ha vore for tyynn.

MOTIVASJONEN FOR Å GÅ TIL DET ALVORLIGE SKRITTET det er å seie opp ein medarbeidar, er ofte anleiende enn det ein hevdar i retten. Det kan då vere greitt å unngå seigginga som ei rettsak vil opplevast som, med tidsbruk, moglege ankar og nye rettsrunder.

Partane har avtalt at dei ikkje skal kommentere saka noko meir, så kva dei eigentleg meiner, er ikkje godt å seie. Men det er vanskeleg å tolke ei sluttapakke på ein knapp million som noko anna enn ei oppreisning.

ROBIN RØKKE JOHANSEN
robj@nordnett.no



Søndag var det konsert med vokalgruppa Uhort på Ingebrigt Davik-huset.

Koret består av 20 jenter i alderen 13 til 20, og dei over kvar tysdag i det same bygget. Turid Skjelten er coach og motivator. Uhort hadde debutkonserten sin i 2012, og har sett opp fire konsertar sidan då. Den siste kalla «Stronger». Det var namnet på den første låten for kvelden, og blei ekstrasnummer til slutt. Vi fekk høyre mange spennande innslag. Frå første låt var det lett å sjå at det var

øvd godt på koreografi. Jentene gjorde synkrone bevegelser medan dei song på engelsk om at «det som ikkje knekkjer deg, gjer deg sterkare». Ein fengjande melodi, med eit stogdig og godt komp-band. Bandet besto av Kjetil Tjelle, Ketil Strand, Ivar Holsvik, Bjørn Skjelten og Terje Hansen. Deretter fekk vi høyre Happy av Pharrell Williams, der utøvarane fordelte seg i salen og oppfordra publikum til å klappe med. Det skapte god stemning, for denne låta kunne publikum og.

Vidare vart det meir listepop, frå «Just The Way You Are» (av Bruno Mars) til All About That Bass (av Kadish/Trainor). Mellom fleire av innslaga fekk vi korte sketsjar som presenterte den neste songen. «Human» (av Perri/Johnson) var kanskje eitt av dei beste nummera for kvelden. Her fekk fire solistar vise kva dei kunne gjennom fleirstemt song. Eit anna høgdepunkt var nok Turid Skjelten si tolking av Peg (av Steady Dan). Dette var kjempbra! Foreldre og andre fram-

motte verka og begeistra, og fleire filma med mobiltelefonar eller klappa takta på låret. Ein fin konsert og ein fin arena for unge songarar!

PAULINE NEERGÅRD
redaksjon@nordnett.no



KOREOGRAFI Det var tydeleg at dei låg mykje arbeid bak framstyninga, både når det gjaldt song og dans.



APPLAUS Jentene og bandet tek i mot applaus etter endt framstyning.



KLAPP Koret sprang opp til publikum og ba dei klappe med under den eine songen.



DIRIGENT Turid Skjelten kora på dei fleste låter, men song og solo på eit par.

STIGE Synne Remme Reitan stoppa kor og band under songen «Somebody To Love», så ho kunne klatre opp ein stige og nå den avste tonen i songen.
Alle foto: Pauline Neergård

N

Nordre

Harammytt AS
Postboks 53 • 6282 BRATTVÅG
Org. nr: 959 647 972
Telefon: 70 20 84 80
Mobiltelefon: 915 24 236
Telefax: 70 20 84 90
Trykke Polaris Trykk Ålesund AS

E-post:
redaksjon@nordnett.no
annonser@nordnett.no
www.nordnett.no
Kontor Brattvåg:
Skjell-De Bakken 26, Brattvåg
Måndag-tredag 08.00–16.00

Abonnementpris:
Heilar: kr 1400,-
Halskr: kr 830,-
3 mnd.: kr 450,-
Annonseløst:
Til tysdagsavisa: Fredag før kl. 12.00
Til fredagsavisa: Onsdag før kl. 12.00



Nordre arbeider etter reglane for god journalistikk. Vi er varslings-plakaten. Meier du at du er sjå av urettmessig avsontale, oppmodar vi deg om å ta kontakt med redaktøren.

Pressens faglige utvalg (PFU) er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Pressforbund. Utvete handamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.

Adresse: PFU, Postboks 46 Sentrum, 0101 OSLO
Telefon: 22 40 50 40, E-post: pfu@presse.no



REDAKTØR OG BAKKELIS LEBER

Robin Røkke Johansen
Direktelefon: 70 20 84 83
Mobiltelefon: 915 24 236
robj@nordnett.no



REDAKTØRSENTER

Hilde Kristine Skar
Direktelefon: 70 20 84 82
Mobiltelefon: 911 90 813
hjd@nordnett.no



JOURNALIST (E) HANS

Rolf Hansen
Direktelefon: 924 78 303
roff@nordnett.no



JOURNALIST (E) HANS

Kristoffer Antonsen
Direktelefon: 958 58 475
kristoff@nordnett.no



JOURNALIST (E) HANS

Larsen Larsen Fjortoft
Direktelefon: 956 64 905
laas@nordnett.no



REDAKTØRSENTER

Oddehilde Hellevik Sandoy
Direktelefon: 70 20 84 81
Mobiltelefon: 477 52 035
odde@nordnett.no



REDAKTØR OG MARKNADSRAD

Asbjørn Fjortoft
Direktelefon: 70 20 84 87
asbj@nordnett.no



MARKNADSRAD

Linn Beate Herjøl
Direktelefon: 70 20 84 86
linn@nordnett.no



REDAKTØR OG MARKNADSRAD

Iselin Flens
Direktelefon: 70 20 84 84
iselin@nordnett.no

